



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	21/62	20.10.2021

Ny reguleringsplan Dalen - oppstart av planarbeid og planprogram

Vedlegg:

- 1 Framlegg til planprogram reguleringsplan Dalen
- 2 Kvalitet ved fortetting - Vestfold og Telemark fylkeskommune

Saksdokument:

Plan- og bygningsloven:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Planstrategi for Tokke kommune 2021-2024:

[Kommuneplan - TOKKE KOMMUNE](#)

Saksutgreiing:

I den nye planstrategien for Tokke kommune, som vart vedteke i mars 2021, er det peika på at ny reguleringsplan for Dalen har høg prioritet i 2021. Hovudgrunnen til dette er at det stor trong til å revidere den eksisterande reguleringsplanen som er frå 2005.

Hovudmålsettinga med nye reguleringsplanen er å gjere Dalen meir attraktiv for fastbuande og tilreisande gjennom å betre tilhøva for bustadbygging og etablering av arbeidsplassar. Dalen skal bli ein attraktiv stad å drive næring, bu eller være på besøk.

Det er plan- og bygningsloven (Pbl) som sett regler for korleis ein skal utarbeide ein reguleringsplan. Det er Pbl kap 4 - §4-1 og kap 12 - §12-9 som sett krav om at ein må ha planprogram før ein lagar reguleringsplan for eit område. Planprogrammet skal gjøre greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad og trongen for utgreiingar. Det skal visast at ein tek særskilde omsyn til dei som blir råka av planforslaget og at dei har gode høve til å kome med innspel.

Planprogrammet skal normalt leggst ut på høyring samtidig som ein varslar oppstart av planarbeidet. Planprogrammet bør ligge ute på høyring i minimum 6 veker. Vi føreslår at planprogrammet blir lagt på høyring fram til 15. desember.

Jfr Pbl §12-8 skal det varslast oppstart av planarbeid til offentlege organ og andre interesserte partar som blir råka av planen.

Dei viktigaste tema i ny reguleringsplan for Dalen blir busetnad med omsyn om nybygg, fortetting og nye bustadområde. Næringsliv og reiseliv blir og svært viktige tema for å gjere Dalen attraktiv som stad for turisme og arbeidslivet. Vidare er det no stort fokus på klima og miljø, slik at ein ny plan må legge opp til ei berekraftig utvikling. Dette startar med FN sine berekraftsmålsetningar og går ned på detaljerte tilhøve på Dalen.

Det blir naudsynt å få til ei god utvikling med fokus på natur- og miljøkvalitetar vi har. Folkehelse blir eit av hovudsatsingane. Her blir det svært viktig å legge til rette for sykkel- og gangtilbod i nærområdet.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 blir det sett i gong arbeid med ny reguleringsplan for Dalen. Avgrensing av området går fram av kart i framlegg til planprogram.

Reguleringsplanarbeidet blir varsla etter reglane i Pbl §12-8, og framlegg til planprogram blir lagt ut til offentlig ettersyn, jfr Pbl §4-1 og §12-9, fram til 15. desember 2021.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.10.2021

Tilleggsframlegg frå ordførar:

Planområdet blir utvida til å omfatte området til over Helvetesfossen og opp til vedteken reguleringsplan Rui plassen.

Kommunedirektøren si tilråding med tillegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 blir det sett i gong arbeid med ny reguleringsplan for Dalen. Avgrensing av området går fram av kart i framlegg til planprogram.

Reguleringsplanarbeidet blir varsla etter reglane i Pbl §12-8, og framlegg til planprogram blir lagt ut til offentlig ettersyn, jfr Pbl §4-1 og §12-9, fram til 15. desember 2021.

Planområde blir utvida til å omfatte området til over Helvetesfossen og reguleringsområde ved Rui plassen

